



Magnus Alexander Eide  
Heiane 4  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/3496 - 23/35456

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
08.05.2023

## Løyve til oppføring av utebod - gbnr 327/180 Moldekleiv

**Administrativt  
vedtak:**

**Saknr: 473/23**

**Tiltakshavar:  
Søknadstype:**

Magnus Alexander Eide  
Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

### VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 jf. § 20-4 vert det gjeve løyve til løyve for oppføring av utebod på eigedom gbnr 327/180. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 16.04.2023 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av utebod med bruksareal (BRA) opplyst til å vere 22m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) 24m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til ca 28% BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.05.2023.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 02.05.2023 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Moldekleiv med planid: 125619880003 etter reguleringsendring er definert som

byggjeområde for busetnad. Reguleringsplanen vert supplert med kommuneplan for Meland i tråd med føresegn 4.7 i kommuneplan, jf. tabell i føresegn 1.1

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 30% BYA.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 16.04.2023.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 7,1 meter.

Minste avstand til vegmidte kommunal veg er oppgitt til 10,9 meter.

### **Avfallsplan**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspiktig etter § 20-2. Dette tiltaket kan du søkje om sjølv, jf. pbl § 20-4.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl §21-7.
- Nabo og gjenbuarar skal ha varsel om tiltak i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknad er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl §21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **De må søka om ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/3496**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakar:**

Magnus Alexander Eide

Heiane 4

5919

FREKHAUG